

Bacheloroppgåve i planlegging og administrasjon

Møtestadar for dei unge

Korleis kan ei kommune gjennom samhandling med Frivilligsentralen skape gode møtestadar for dei unge?

Martin Sørland Barlla

Studium:
Bachelor i planlegging og administrasjon
2020

Tal ord:
10532



HØGSKULEN
I VOLDA

Eg vil nytte anledninga til å takke informantane ifrå intervju, respondentane frå spørjeskjema og rettleiaren min ifrå Høgskulen i Volda for å ta seg tid til å hjelpe meg med oppgåva i ei så spesiell tid som dette.

Samandrag

I denne oppgåva ynskjer eg å leite etter svar på korleis kommunen og Frivilligsentralen kan samhandle om møtestadar for ungdommen. Dette vil eg å forsøke å svare på gjennom oppgåva ved å ta for meg ei problemstilling og å svare på forskingsspørsmål under same tema. Studiet si problemstilling er formulert slik: «*Korleis kan ei kommune gjennom samhandling med Frivilligsentralen skape gode møtestadar for dei unge?*».

Det blir trekkje fram viktigheita av møtestadane og kva betyding dei har for ungdommane. Vidare tek eg føre meg kva påverknad det kan ha for ungdommen si helse å ha trygge møtestadar.

Studien bygger på blant anna Aaron Antonovsky sine teoriar om salutogenese, patogenese og «sense of coherence». Den legg også vekt på Urie Bronfenbrenners modell, og for å få fram det heilskapelege biletet rundt ungdommane og kvifor møtestadane er så viktige for dei og bør fokuserast på.

Samhandlinga mellom kommunen og Frivilligsentralen tas opp i problemstillinga og oppgåva forsøker å svare på korleis denne samhandlinga føregår, då det er eit samarbeid som kan tenkjast å burde styrkast for å betre møtestadane for ungdom. I oppgåva skrivast det også om at ungdommens sosiale kapital kan påverkast av sosiale mediar og internettbruken som er vanleg no, og korleis dette eventuelt kan påverke bruken av møtestadar i kommunen.

Eg valte å ta i bruk både kvalitativ og kvantitativ metode for å få fram ulike sider av tema. Eg tok difor i bruk både intervju og spørjeskjema som vart svart på og fullført over telefon og gjennom internett. med bakgrunn i at det i tida oppgåva vart skriven ikkje var anbefalt med fysisk oppmøte. Eg intervjuar og spurte både ungdommar, tilsette i kommunen og tilsette ved Frivilligsentralen i ei utvalt kommune. Gjennom intervju og spørjeskjema kjem det fram at tilboda i kommunen er mangelfulle i dag, imens det gjennom ei undersøking ifrå Ungdata kjem fram annan informasjon. Likeleis konkluderast det med at kommunen og Frivilligsentralen saman med ungdommen er nøydd til å kome fram til gode løysingar på betre møtestadar som inkluderer flest mogleg av ungdommane.

Innhaldliste

1. Innleiing	5
1.2 Problemstilling.....	7
1.3 Avgrensing.....	8
1.4 Fakta om kommunen	8
2. Teori	9
2.1 Om møtestadar.....	9
2.2 Ungdommens psykiske helse og tilknytning	9
2.3 Sense of coherence og sjukelegheitslauk.....	10
2.4 Bronfenbrenner	12
2.5 Samhandling mellom kommune og Frivilligsentral	13
2.6 Sosial kapital.....	14
3. Metode.....	15
3.1 Innleiing av metode	15
3.2 Design og strategi	15
3.3 Kvalitativ og kvantitativ metode	16
3.4 Val av informantar.....	16
3.5 Bruk av data.....	17
3.6 Etisk omsyn	18
4. Presentasjon av funn.....	20
4.1 Spørjeundersøking	20
4.2 Intervju av ungdom.....	21
4.3 Intervju av tilsett ved Frivilligsentralen.....	22
4.4 Intervju av planleggar i den valte kommunen	22
4.5 Samanfating av svara på fokusspørsmåla – gjennom intervju og spørjeundersøking .	23
5. Drøfting	24
5.1 Møtestadars innverknad på ungdommens helse	24
5.2 Dagens tilbod for ungdommane	25
5.3 Samhandlinga mellom kommunen og Frivilligsentralen - Korleis nå ut til ungdommen og treffe interessene deira?	27
5.4 Teknologisamfunnet – ei utfordring eller ein ressurs?	29
6. Konklusjon	32
7. Litteraturliste	33
7.1 Figurar	36
8. Vedlegg.....	37

8.1 Vedlegg 1: Spørjeskjema – Møtestadar for ungdom	37
8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide - Frivilligsentralen	38
8.3 Vedlegg 3: Intervjuguide – Samfunnsplanleggar	39

1. Innleiing

Korleis bør ein god møtestad for ungdom vere, korleis samhandlar kommunen og Frivilligsentralen for å lage best moglege møtestadar for ungdommen og skjer denne samhandlinga egentleg?

Når ein arbeider med planleggingsarbeidet i ei kommune er ungdommen ei svært viktig gruppe å fokusere på. Ungdommen i kommunen er framtida til kommunen og dei vil gjennom heile livet nytte seg av kommunens tenester. Både den psykiske og fysiske helsa deira er viktig å ivareteke for å førebygge seinare dårleg helse (Regjeringen, 2016).

Det er grunnleggande for at dei unge skal få gode oppvekstvilkår at planlegginga føregår på ein ordentleg måte. Behovet for omgivningar som fremjar aktivitet og sosialt samvær vert spesielt viktig for denne gruppa (Regjeringen, 2019).

Barn og unge som veks opp i dag har same behov som tidlegare generasjonar om å kunne treffast og skape sosiale relasjonar i trygge omgivningar. Mykje av dei sosiale relasjonane blant barn og unge i dag føregår over sosiale mediar og internett, men behovet for å kunne samlast på fysiske møtestadar er ikkje dermed noko mindre. Snarare tvert imot, det kjem blant anna fram gjennom eit debattinnlegg i Bergens Tidende at det for dagens unge er desto viktigare at dei kan få desse trygge, gode møtestadane der dei kan få utforske, bli kjende med kvarandre og finne ut av kven dei er nettopp på grunn av at kommunikasjonen over internett ikkje gjev dei same gevinstane i form av relasjonar. Dei treng ein plass som er open for dei alle (Grunert, 2020).

Møtestadar kan ver så mangt, om det så er snakk om ein ungdomsklubb, ein park eller eit samfunnshus. Det handlar ikkje nødvendigvis om sjølve staden, men om dei viktige relasjonane ein kan bygge der til andre menneske og det å kunne meistre samhandling med andre (Redd Barna Region Vest, 2019). Det å danne relasjonelle ferdigheitar er viktig allereie frå ung alder, og vil kunne bidrege til å gjere barne- og ungdomstida til ei tryggare og betre tid for den einskilde. Relasjonar er det samfunnet består av og er viktige for å halde samfunnet i gong (Martinussen, 2008, s. 27). Vennskap, kjærleik, det å kjenne at ein høyrer til eller det at nokon ser og høyrer ein er generelle og viktige behov som ein som planleggjar i ei kommune må teke omsyn til. Desse kjem også fram gjennom psykologen Abraham Maslows behovspyramide (Larsen, Ridderström & Nylenna, s. 106). Ved mangel på trygge møtestadar og situasjonar som kan skape gode sosiale relasjonar og aktiviteter kan konsekvensane verte negative for mange. Det kan tenkjast at mange vil verte einsame og at ein negativ spiral kan

vert sett i gong for resten av ungdomstida og ut i vaksen alder (Miljøverndepartementet, 2012, s. 17).

Kommunen sitt samarbeid med frivillig sektor kan bidra til å danne ulike typar møtestadar og til dømes å bidra til at trygge vaksne personar med kompetanse kan ver til stades for dei unge som treng det (Redd Barna Region Vest, 2019). Gjennom samarbeidet sitt kan det tenkjast at det vert enklare å nå ut til dei unge gjennom at dei saman kan lære noko om kva som interesserar ungdommen og kva dei sjølve tenkjer og ynskjer. Kommunen er pålagd gjennom Plan- og bygningslova å sikre blant anna barn og unges medverking i saker som dette (Plan – og bygningsloven § 5-1). Gjennom samhandling med frivillig sektor kan ein til dømes få hjelp til å få ungdommen til å sjølve seie noko om korleis dei ynskjer at møtestadane skal vere og å forsøke å møte dei i dette.

1.2 Problemstilling

I denne oppgåva har eg valt problemstillinga: *«Korleis kan ei kommune gjennom samhandling med Frivilligsentralen skape gode møtestadar for dei unge?»*.

Bakgrunnen for valet av problemstillinga kjem av at det er eit mangelfullt tilbod av gode og trygge møtestadar for unge i kommunane, og eit aukande press på ungdommen som kan gå ut over den psykiske helsa (Redd Barna Region Vest, 2019, ; Grunert, 2020, ; Ungdata Psykiske helseplager, 2018). Det at det opplevast som mangelfullt for ungdommen når det kjem til trygge møtestadar der dei kan vere, bekymrar meg personleg og er noko eg ynskjer å bidrege til å rette fokus på. Eg ynskjer at mine eigne born i framtida skal ha moglegheita til å treffe sine venar i trygge rammer også utanfor heimen. Grunlaget for at eg vel å fokusere på samhandlinga mellom ei kommune og Frivilligsentralen er fordi det verkar interessant å sjå både på korleis dei går fram i samhandlinga si, samt korleis dei arbeidar for å nå ut til ungdommen.

Under temaet møtestadar for ungdom kunne eg valt mange ulike typar problemstillingar. I prosessen der eg skulle velje ut ei problemstilling vurderte eg fleire andre problemstillingar som eg etter kvart valte å sjå vekk ifrå. Nokre dømer på problemstillingar eg vurderte var:

«Korleis kan ei kommune legge til rette for å sikre trivselen blant barn og unge?»

«Korleis kan ei kommune sikre gode sosiale møtestadar for barn og unge?»

Problemstillingane eg vurderte vart ganske like, og grunnen til at eg enda opp med nettopp den eg valte var fordi den spesifiserte både sjølve «problemet» på ein god måte, samt at den fekk fram noko om korleis kommunen kan samhandle med andre i eit bidrag til å løyse problem. Denne samhandlinga og korleis den føregår verkar både spennande og svært viktig for dei det gjeld, og dette var noko eg ynskja å skaffe meg meir kunnskap om.

Under problemstillinga mi sat eg opp ei rekke forskingsspørsmål. Desse har eg valt å ta med då dei får fram ulike aspekt som alle får noko å sei for heilskapen i oppgåva og for å svare på problemstillinga. Ved å svare på desse spørsmåla undervegs vert også oppgåva meir strukturert, samt at ein får fram essensen i kva som gjer dette temaet viktig.

Forskingsspørsmåla eg vil svare på undervegs i oppgåva er:

- *«Korleis kan kommunen engasjere ungdommen til å bruke meir tid på fysiske møtestadar i staden for på internett?»*
- *«Kva gjer Frivilligsentralen for å sikre gode møtestadar for ungdommen?»*
- *«På kva måte kan kommunen nå ut til ungdommen, og korleis fungerer det per no?»*
- *«Korleis føregår samhandlinga mellom kommunar og Frivilligsentralen?»*

1.3 Avgrensing

I problemstillinga vert oppgåva avgrensa ved at det skal handle om «dei unge» eller «ungdommen». Her meinast nemninga «dei unge» og «ungdom» som same målgruppe. Kven som kan kallast ungdom er vanskeleg definerbart, men for ordens skuld vil det i denne oppgåva brukast om menneske i alderen 15-20 år. På grunnlag av dei opplysningane som hentast inn gjennom blant anna intervju og spørjeskjema har eg valt å fokusere på dei over 15 år, då føremålet med spørsmåla tek føre seg arenaer som er meir aktuelle for unge over 15. Samtidig tek eg også då omsyn til at unge under 15 år ofte treng tillating frå foreldre for å kunne vere med på slike undersøkingar (NSD Personverntjenester, 2018).

1.4 Fakta om kommunen

Kommunen som eg tek utgangspunkt i gjennom oppgåva mi er ei kommune i Vestland fylke. Kommunen har under 10 000 innbyggjarar og har dei siste åra før samanslåinga av kommunar hatt stor utbygging. Det kjem fram gjennom Ungdata si undersøking at kommunen før den vart slått saman med den andre kommunen scorar over gjennomsnittet i Noreg når det vert stilt spørsmål om gode møtestadar for ungdom, noko som difor gjer det interessant for meg å undersøkje nærmare kring dette temaet i nettopp denne kommunen (Ungdata treffsteder for unge, 2017).

2. Teori

2.1 Om møtestadar

Ungdomstida er som kjent ei turbulent tid, og behovet for tryggleik, tilhøyrslø og ein samanheng i kvardagen kan tenkjast å ver desto viktigare for den enkelte i nettopp denne tida. Det behovet ein har i ungdomstida for å kjenne at ein høyrer til ein stad, at ein passar inn og våger å vere seg sjølv er viktig å ha fokus på, då konsekvensane om behova ikkje blir møtt kan bli negative. Det at ungdom har møtestadar som inkluderer, som gjer at dei kan kjenne seg trygge og som bidreg til at dei kan bruke viktig sosial tid saman med venar kan førebygge at dei til dømes kjenner på eit press til å oppsøke miljø med alkohol, narkotika og andre rusmiddel, samt kriminalitet. For unge som ikkje kjenner seg trygge nokon stad, og som ikkje kjenner at dei passar inn blir slike miljø ofte sett på som ein utveg (Grunert, 2020, ; Miljøverndepartementet, 2012). Gjennom FNs barnekonvensjon artikkel 31 kjem det fram at alle born har rett til kvile og leik, og til å delta på leik og fritidsaktivitetar (Barne- og familiedepartementet, 2003, s. 24). I Noreg er ein ikkje myndig før fylte 18 år, noko som per definisjon vil sei at ein kan tenkje at ungdommen under 18 år også vert treffe av barnekonvensjonen. Møtestadar må satsast på i kommunane fordi dei treff nettopp denne gruppa, og spesielt med tanke på ungdom som kan felle utanfor det sosiale. Tilbod om møtestadar som er gratis, inkluderande for alle uavhengig av kjønn, religion og funksjonsnedsettingar vil gjer barrierar for deltaking lågare (Ungdom og fritid, 2019). Gjennom ein rapport ifrå eit prosjekt den utvalte kommunen for oppgåva mi held på med, kjem det fram opptil fleire gongar at det ungdommen saknar og ynskjer seg mest er møtestadar for ungdom (Kommune internrapport).


2.2 Ungdommens psykiske helse og tilknytning

Om andre i lokalsamfunnet syns at ein høyrer heime der har ei stor rolle å spele for om ein sjølv føler seg knytt til staden og lokalsamfunnet. Det å bu på «bygda» kan til dømes ofte skape sterk tilknytning. Det kan blant anna i seg sjølv skape tilknytning ved at ein er ein del av det som bygda er kjend for, til dømes natur eller kjende attraksjonar ved staden (Villa & Haugen, 2016, s. 40-42). Det å kjenne at ein høyrer til ein stad er eit svært viktig menneskeleg behov, og det er viktig at det vert møtt for at ein skal kunne trivast i kvardagen (Villa &

Haugen, 2016, s. 310). Det sosiale samværet blant ungdom har blitt svekka med åra og ungdommen viser behov og ynskjer om møtestadar som kan skape sosial kompetanse og ei kjensle av tilhøyrse (Ungdom og fritid, 2019). Dette er difor svært viktig at kommunen og andre institusjonar viser omsyn til og arbeider mot, slik at ungdommen også kan kjenne seg høyrde og sett.

2.3 Sense of coherence og sjukelegheitslauk


Sosiologen Aaron Antonovsky kom med omgrepet «sense of coherence» som handlar om det å oppleve at ein har meining og samanheng i tilværa og livet sitt. Det å oppleve dette vil ifølge han skape tryggleik og meining for den enkelte. Antonovsky bidrog også med omgrepa salutogenese og patogenese. Salutogenese tek kort sagt føre seg alt som skapar god helse, og patogenese tek føre seg alt som skapar sjukdom. Dette er noko kommunane heile tida må teke omsyn til og tenkje på, då dei skal forsøke å legge til rette for god helse for sine innbyggjarar. Salutogenese er viktig då det tek føre seg kva som gjer at ein kjenner seg frisk, og dette er utan tvil noko som alltid bør stå i fokus for dei som planlegg i kommunane (Larsen et al., 2018, s. 101-102).



Figur 1: Sjukelegheitslauken (Larsen et al., 2018, s. 103).

Planleggaren i kommunen må velje kva ein skal vise omsyn til, og gjennom til dømes modellen for «sjukelegheitslauken» kan ein få eit bilete av kor kompleks dette arbeidet egentleg er. Som ein ser gjennom figur 1 er «sjukelegheitslauken» bygd opp slik at dei helsetilstandane som er døydelege ligg inst i kjernen, og laga utover i lauken tilseier at ein har mindre og mindre alvorleg sjukdom eller helsetilstand. Inst i kjernen ligg altså «død», utanpå der ligg «må inn på sjukehus», det neste er «må gå til legen» og så vidare. Det ytste laget tek til dømes føre seg det å fungere og kunne ta nytte av sosiale omgjevnadar blant anna. Ein må merke seg at tid og stad har noko å seie for kva slags av laga i lauken ein skal byrje å arbeide på (Larsen et al., 2018, s. 99-100). Det er mange områder innanfor dei ulike laga i lauken som vert viktig for dei som skal planleggje. Ein må også ta til følgje Plan- og byggjelova og forsøke å følgje opp nødvendigheita ifrå samfunnet opp imot lovverkets krav. Tryggleik og kjensla av å høyre til kjem fram gjennom det ytste laget i «sjukelegheitslauken», og det kan tenkjast at dette er noko kommunen må ta med seg i og fokusere på når dei skal planlegge til dømes møtestadar i kommunen.

2.4 Bronfenbrenner



Figur 2: Bronfenbrenners utviklingsøkologisk modell (Bronfenbrenner, 2005)

Når ein skal planleggje og samhandle om møtestadar for unge, kan blant anna Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell ver relevant å ta eit blikk på. Grunnlaget for dette er at ein kan sjå korleis dei ulike systema innanfor eit lokalsamfunn eller ei kommune fungerer opp imot kvarandre, og kva påverknad til dømes kommunen gjennom sine styringsmakter har direkte og indirekte for ungdommen i kommunen. Bronfenbrenners modell har 4 ulike system som danner sirkalar rundt kjernen, der kjernen i dette tilfellet er den enkelte ungdommen. Den fyrste sirkelen nærast ungdommen kallas «mikrosystemet», og kan til dømes ver familie, venar og skulen. Neste sirkel kallas «mesosystemet» og tek føre seg dei indirekte relasjonane imellom dei ulike faktorane i mikrosystemet og kan ha noko å seie for møtestadar. Utanfor denne sirkelen kjem «eksosystemet» som til dømes kan ver Frivilligsentralen, andre frivillige organisasjonar og dei som driv med planlegging i kommunen. Den ytste sirkelen kallast «makrosystemet» og tek føre seg kommunen med sine

lovverk og reglar, samt den kulturen som gjeld i det lokalsamfunnet som fins rundt ungdommen. I makrosystemet kan også til dømes statlege føringar og liknande bidrege til å påverke heilt inn i kjernen av modellen, til personen (her ungdommen) det gjeld (Utforsk sinnet, 2019).

2.5 Samhandling mellom kommune og Frivilligsentral

Samhandling kan seiast å beskrive noko av det som skjer når relasjonen mellom to (eller fleire) grupper eller enkeltpersonar gjer felles handling bygd på eit felles mål. Relasjonane mellom kommune og Frivilligsentralen kan ein sei at føregår på makronivået, og aktørane i relasjonen kan redefinere relasjonen seg imellom etter kva omstende dei møter (Martinussen, 2008, s. 77).

Frivillige organisasjonar er del av det som kallast «den tredje sektor», og har i nyare tid fått ei større og meir utvida rolle i det som gjeld tilbod innanfor kommunane (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 209). Det vert i større grad enn før no forventat at frivillige organisasjonar skal fungere som organisasjonar med profesjonell service. Ein kan sei at dei har måtta skifte fokuset til å bli meir profesjonelt og effektivt retta enn å vere demokratiske slik som før (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 213). Sverre Steen skreiv i 1948 at kjenneteiknet på eit levande demokrati handlar om samspelet og motspelet mellom nokre med ulike interesser innafør same sektor. Dette kan ein spegle opp imot samspelet og motspelet mellom Frivilligsentralen og den offentlege sektoren, då dei røyrrer ved to ulike dimensjonar innafør dette. På den eine sida må ein ta høgde for medlemmene av lokalsamfunna si evne til å hevde interessene sine gjennom blant anna Frivilligsentralens tenester og å ta kontroll innafør det politiske. På den andre sida må ein også ta høgde for korleis det politiske systemet evna å møte slutningar frå samfunnet som er festa (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 214). For at samhandlinga mellom kommunane og Frivilligsentralen skal fungere er det viktig at dei i hovudsak arbeidar for å fremje same mål kring det dei utøver (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 217). Den aller viktigaste faktoren i samhandlinga mellom dei er trass alt at dei siktar mot same mål.

2.6 Sosial kapital

Den sosiale kapitalen har blitt snakka om og forsøkt definert av blant anna James Coleman, Robert Putnam og Pierre Bourdieu. Det som kjem fram som ein slags felles definisjon frå desse er at sosial kapital handlar om sosiale relasjonar som er med på å verke inn på verdiar og normar, og at nettverka ein har held fram med eit gjensidig mønster om negative og positive sanksjonar (Backe-Hansen & Hydle, 2010, s. 107).

Sosial kapital for ungdom kan handle om dei sosiale nettverka ein må ha tilgjengeleg for å nå bevisste mål (Backe-Hansen & Hydle, 2010, s. 15).

Bruken av internett og dei såkalla «nettsamfunna» kan på somme vis «true» dei små lokalsamfunna og kommunane. Spesielt blant dei unge skjer såpass mykje over internett at sosial kontakt og fysisk nærleik gjennom møtestadar kan tenkjast å vere til stades i svært liten grad. Det som før var normalen i form av sosial kontakt ved å fysisk møtast kan sjå ut som at er blir bytta bort i sosial kontakt over internett (Villa & Haugen, 2016, s. 142-143). Digitale nettverk og plattformer tek over meir og meir av kvardagen til dei unge, og det er viktig at kommunane arbeidar for å auke sin kompetanse på det digitale for å kunne gjere godt arbeid for ungdommane sine (Ungdom og fritid, 2019).

Det kan tenkjast at når møtestadar vert lite brukt og sosial kontakt utanom over internett ikkje finn stad, at ungdom kan gå glipp av det å ha ein god sosial kapital. Sosial kapital handlar om dei tilgjengelege ressursane ein har gjennom å høyre til i ei gruppe eller eit samfunn.

Samanhengen mellom ein god sosial kapital og det å ha god helse er ikkje klar, men det fins mykje dokumentasjon på at sosiale relasjonar likevel har i større eller mindre grad påverking for helsa til den enkelte. Gjennom å skape trygge og gode møtestadar der desse relasjonane kan få gro og vekse seg sterke kan ein tenkjeleg bidrege til å skape betre og tryggare fellesskap og relasjonar til andre blant ungdom (Larsen et al., 2018, s. 96). Gjennom rapport ifrå kommunens prosjekt som tek føre seg noko om det å skape meningsfulle liv for ungdommane kjem det fram at 71% saknar fleire og betre møtestadar i sine lokalmiljø. Dette kan på nokre måtar vise at om møtestadane hadde vore til stades ville dei tenkjeleg vore satt pris på og tatt i bruk av ungdommen (Kommune internrapport).

3. Metode

3.1 Innleiing av metode

I denne delen av oppgåva vil eg vise til kva framgangsmåte eg har brukt for å forsøke å svare på problemstillinga eg har valt. I samfunnsvitenskap definerast metode som ei handlingsplan der målet består av at ein skal finne mest mogleg gyldige og truverdige svar på spørsmålet ein stiller i problemstillinga ein har valt. Det spelar difor ei stor rolle kva metode ein vel å ta i bruk for å svare på si problemstilling (Jacobsen, 2015, s. 15-16). I samfunnsvitenskapleg undersøking fins det to dominerande metodar som går igjen, desse er kvalitative metodar og kvantitative metodar (Jacobsen, 2015, s. 64).

3.2 Design og strategi

For å belyse problemstillinga mi valte eg å bruke ei deduktiv tilnærming. Eg valte dette fordi eg ynskja å ta utgangspunkt i teorien og forskinga eg fann, før eg så ville gå ut for å undersøkje. På denne måten fekk eg også problemstillinga mi til å fungere som fokuspunktet i undersøkinga (Jacobsen, 2015, s. 25-26). Då eg blant anna valte å spørje ei gruppe ungdommar ei rekke spørsmål som ein del av undersøkinga mi, vil eg sei at eg i ei viss grad tok i bruk statistisk generalisering. Med dette meinast det at sjølv om eg berre har informasjon ifrå akkurat denne gruppa ungdommar, vel eg å gå ut ifrå at også fleire i same aldersgruppe tenkjer likeleis. Undersøkingsopplegget eg tek i bruk vidare i undersøkinga er ekstensivt, då eg vel å utforske i breidda. Dette vel eg å gjere for å få fram dei ulike sidene av problemstillinga mi, og eg gjer det ved å til dømes både vere i kontakt med ungdommar, kommunen og frivillige organisasjonar. På denne måten får eg fram variablar, samstundes som at der er eit felles fokus for dei alle. Slik unngår eg at det vert for bredt og at informasjonen som kjem ifrå informantane kan generaliserast statistisk (Jacobsen, 2015, s. 90-92). Eg har også valt å bruke både kvalitative og kvantitative metodar for å få fram det utvalte data eg ynskja og for å få eit heilskapleg bilete, dette forklarar eg tydelegare vidare i oppgåva. Med bakgrunn i Covid-19 pandemien som råka denne tida når undersøkingane og intervjuar skulle funne stad på, vart eg nøydd til å tenkje kreativt og ver løysingsorientert for å kome fram til andre gode løysingar for å få fram det eg ville til oppgåva. I staden for å reise rundt i den utvalte kommunen eg skriv om for å observere ulike møtestadar, intervjuer dei forskjellige

personane eg skulle og å dele ut spørjeskjema ved skular vart eg nøydd til å halde all kontakt over telefon og digitalt over internett. Heldigvis fans det mange gode løysingar som både sikra anonymiteten ovanfor dei som vart intervjua og dei som svarte på spørjeskjema, og bidrog til pålitelegheita mi ovanfor informantane.

3.3 Kvalitativ og kvantitativ metode

Ei kvalitativ metode får fram meiningar som ikkje er målbare eller kan setjast tal på. Gjennom kvalitativ metode har ein moglegheita til å få fram spesielle hendingar som har noko å seie for fokuset i oppgåva, samt ein får gode opplysningar innanfrå som gir meir forståing. Gjennom oppgåva mi tok eg i bruk kvalitativ metode gjennom å intervjuje personar innanfor planlegging i kommunen, intervju med frivillig organisasjon og eit intervju med ein ungdom i kommunen. Eg hadde som nemnd også planlagt observasjon som ei kvalitativ metode, men dette vart som nemnd uaktuelt i denne omgang.

Ei kvantitativ metode gir målbare svar, altså kan ein til dømes få tal som viser til noko av det ein spør om. Gjennom kvantitative metodar får ein eksakte svar, og ein treng ikkje nødvendigvis å ver i direkte kontakt med dei ein innhentar informasjon frå. Dette vart ekstra viktig for denne oppgåva i denne tida, og vart ei positiv vinkling som gav gode svar på det som vart undersøkt. For å skaffe informasjon til oppgåva mi brukte eg kvantitativ metode gjennom å sende ut ei spørjeundersøking til ei nokre ungdommar i kommunen (Dalland, 2019, s. 52-53).

3.4 Val av informantar

Når eg skulle velje informantar til oppgåva vart det viktig for meg å få fram eit mest mogleg heilskapleg bilete av situasjonen med møtestadar i kommunen. Med dette i bakhovudet valte eg difor å hente inn informasjon frå både ungdomane sjølve, tilsette i kommunen og tilsette ved Frivilligsentralen.

Informanten frå kommunen arbeidde som samfunnsplanleggar. Ungdommen som svarte på spørjeskjema var ungdom over 15 år, då eg i oppgåva mi har fokus på aldersgruppa 15 til 20 år. Informanten ifrå Frivilligsentralen arbeidde både ut mot andre frivillige organisasjonar og samhandla med kommunen blant anna når det gjaldt aktivitetar for ungdom og generelt i arbeidet sitt.

3.5 Bruk av data

Omarbeiding av data som vert samla inn vart gjort gjennom elektronisk spørjeskjema og transkribert intervju i eit dokument. Dokumentet som vart transkribert vart sendt inn til intervjupersonen, der intervjupersonen hadde moglegheit til å endre på det som var ynskjeleg før eg tok i bruk informasjonen som kom fram.

Intervjua vart gjennomført over telefon, der eg skreiv ned alt som vart sagt undervegs. Det visast omsyn til at eg gjennom telefonsamtalane med intervjuobjekta gjekk glipp av viktige faktorar som kroppsspråk og ansiktsuttrykk som blant anna kunne vist misnøye med spørsmåla som vart stilt. Likevel kan det også sjåast på som ein positiv faktor, då intervjuobjektet kan kjenne seg meir komfortabel når kommunikasjonen går føre seg over telefon enn om det hadde vore fysisk oppmøte. Dette kan også føre til at det kom fram svar som elles ikkje ville kome fram. Gjennom telefonintervju er forstyrningar noko som også må visast omsyn til, og på grunn av dette vil kvalitetskontrollen gjennom det å sende eit transkribert dokument med intervjuet i etterkant på e-post ver viktig. Ei anna mogleg ulempe med å ha telefonintervju framfor eit fysisk intervju er at stemmeleiet får mykje å sei for tolkinga av informasjonen ein får, og dette må ein ha i bakhovudet i forhold til validiteten av informasjonen (Dalland, 2019, s. 126).

Spørjeskjema- undersøkinga vart gjennomført gjennom nettsida www.nettskjema.no.

Spørsmåla var i all hovudsak ja/nei spørsmål, der nokre spørsmål også hadde eigne ekstra kommentarfelt for at ein kunne få moglegheit til å seie noko meir om saka rundt spørsmålet. Etter undersøkinga lagde nettsida ei oversikt som gav meg informasjonen eg trengde, og eg lagde vidare grafar i Excel for å kunne visuelt vise fram statistikken ifrå undersøkinga.

Som nemnd vart det planlagt å gjennomføre eit observasjonsstudie, då dette ville kunne gitt ei god oversikt over bruken av møtestadane i kommunen. Denne metoden måtte eg velje å legge vekk, då data som ville ha blitt samla inn ikkje ville vist rett informasjon i forhold til normale tilstandar i kommunen. I den planlagde observasjonen av møtestadane i kommunen, då både formelle og uformelle møtestadar, hadde eg tenkt til å føre logg på og notere rundt blant anna kor mange ungdommar som var innom møtestaden. Eventuelt kunne eg også ha tatt kontakt med dei som var innom og snakka med dei angående dei konkrete stadane dei tok i bruk der og då. Ettersom observasjonen ikkje vart mogleg å gjennomføre har eg ikkje fått data ifrå ei slik undersøking, og eg tek ansvar for at noko informasjon kanskje kan ver ufullstendig i forhold til dei faktiske forholda med møtestadar i kommunen.

Teoriar og utgangspunkt ifrå andre undersøkingar gjer at oppgåva er kumulativ, då eg tek

utgangspunkt i forskning som allereie fins og forsøker å leggje til dei data eg finn pålitelege (Dalland, 2019, s. 58).

3.6 Etisk omsyn

I oppgåva har eg hatt fokus på å bevare integriteten og anonymiteten til respondentane og intervjupersonane. Dette er etiske omsyn eg har forsøkt å ta vare på gjennom heile oppgåva. Det er også ut ifrå etiske omsyn at somme av spørsmåla vart stilt og andre ikkje, då somme spørsmål ville kunne ha leda an til å svare på noko ein ikkje elles ville hatt intensjonar om å svare på (Fangen, 2015).

Både gjennom intervju og spørjeskjema vart det informert om at deltakinga var frivillig. Det å informere om dette vil ver viktig for at ein ikkje skal føle seg pressa til å svare på det, samt at det også vil kvalitetssikre svara ein får. Personane eg intervjuar og spurde gjennom skjema fekk tilsendt informasjon om intervjuet på førehand. I forkant av intervjuar sendte eg ut e-post for å stadfeste ovanfor dei at det ville bli anonymisert og at intervjuet ikkje var bindande på nokon måte. Informantane fekk også tilsendt ein mal av intervju spørsmåla, slik at dei hadde moglegheit til å førebu seg på svara sine og eventuelt velje bort somme spørsmål.

Spørjeskjemaet vart sendt ut til forskjellige ungdommar innanfor aldersgruppa 15-20 gjennom ein direktelink til spørjeskjemaet mitt gjennom nettsida www.nettskjema.no. For å unngå at det vart opp til meg personleg kven som skulle få linken tilsendt, avtalte eg med ein ungdom på vidaregåande skule ifrå kommunen at personen kunne sende linken til alle personen kjende innanfor aldersgruppa og som bur i kommunen oppgåva tek utgangspunkt i, og at dei som fekk den tilsendt også kunne sende den vidare til andre. Med dette som bakgrunn har eg vore kritisk i bruk av data som vart henta inn, då berre dei seriøse svara vert tatt i bruk i statistikken. Eg tok også kontakt med rektoren ved ungdomsskulen i kommunen, og rektor sendte ut spørjeskjemaet til elevane i 10 klasse på skulen der. Alle svara samla eg i eit felles dokument for å danne grafen eg baserar oppgåva rundt. I tillegg til direktelinken til spørjeskjemaet, fekk alle deltakarane også ein skriftleg melding med introduksjon til skjemaet. Der informerte eg også om føremålet til spørjeundersøkinga og om kvifor eg stilte akkurat dei spørsmåla eg stilte. Eg poengterte også ovanfor dei at resultatet som kom fram av undersøkinga ikkje ville verte brukt av Høgskulen i Volda på nokre måtar, men berre gjennom

oppgåva mi. Dette gjorde eg for å vise at det var for mitt eige bruk eg spurde spørsmåla, og at det ikkje ville kome fram i seinare forskning gjort av Høgskulen i Volda. Alderen på elevane som deltok på spørjeundersøkinga er også viktig for oppgåva mi, då det at dei var over 15 år bidrog til at eg kunne gjennomføre undersøkinga utan å møte be om løyve frå deira føresette. Når det kjem til det at intervjuet vart gjennomført over telefon tok eg omsyn til at nokre faktorar kan spele inn annleis på svara eg fekk enn det elles ville ha gjort. Til dømes kan det tenkjast at personen som vart intervjuet var i eigen heim på heimekontor, noko som gjer at somme kan verte meir uformelle og er meir opne og personlege enn dei elles ville ha vore i formell setting på eit kontor saman med kollegaer. Dette forsøkte eg å løyse gjennom det å sende personane ei transkribering av intervjuet som eg noterte undervegs i intervjuet. På denne måten fekk personane moglegheit til å endre sine utsegner og svar i ettertid, og gjenkjennelege detaljar som elles kunne ha trua anonymiteten til personen vart tatt vekk (Backe-Hansen & Hydle, 2009, ; NSD Personverntjenester, 2018).

På grunnlag av reglane for datasikkerheit og anonymitet ovanfor informantar vel eg å ikkje nemne namnet på kommunen eg har som utgangspunkt i oppgåva, men heller nemne nokre vesentlege detaljar som påverkar oppgåva mi.

4. Presentasjon av funn


4.1 Spørjeundersøking

Eit utval ungdommar i den valte kommunen fekk tilsendt eit digitalt spørjeskjema.


Spørjeskjemaet vart sendt ut gjennom internett gjennom ein direktelink og dei som fekk den tilsendt fekk tilbod om å svare på den om det var noko som interesserte dei.

Ut ifrå svara eg fekk frå spørjeskjemaet har eg laga grafar for kvart av spørsmåla for å illustrere deltakinga og for å få fram det heilskaplege biletet av svara.

Spørjeskjemaet består av 4 hovudspørsmål der alle spørsmåla vart følgt opp med eit oppfølgingsspørsmål. I alt var det 51 deltakarar som svarte på spørjeundersøkinga.



Figur 3



Figur 4

Figur 3 og figur 4 her er dømer på grafar ifrå to av spørsmåla som vart stilt i spørjeundersøkinga. Dei hadde begge oppfølgingsspørsmål der informantane kunne kome med dømer angående korleis dei bruker tilbod som fins og kva tilbod som trengs blant anna. Ein ser av desse grafane at svara hadde fleirtal som var negative til møtestadane i kommunen per no. I etterkant av spørjeundersøkinga la eg til merke at svara som vart gitt i undersøkinga gav mykje differanse ut ifrå alderen på ungdommane. Blant anna kan ein sjå at ungdommen som går på ungdomskulen svarar annleis enn ungdommen som går på vidaregåande, då det for denne kommunen er litt spesielt med tanke på at ungdomsskuleelevane har betre tilbod på møtestadar på kveldstid enn elevane ved vidaregåande skule.

4.2 Intervju av ungdom

Intervjuet av ein tilfeldig ungdom i kommunen gjekk føre seg over telefon. Dette fungerte godt, og svara eg fekk var tydelege og godt svart på. På førehand hadde informanten fått tid til å førebu seg ved at personen fekk tilsendt spørsmåla i god tid før intervjuet.

Gjennom det ungdommen fortalte verka det til at ungdommen kjende på eit stort behov for ordentlege møtestadar. Det kom også fram at hovudsakleg den «eldre» gruppa ungdommar, altså her dei som gjekk på vidaregåande, ikkje hadde nokon stad i det heile tatt på kveldstid og i helgene. Dette syntes informanten at var problematisk og leit, då det førte til at mange berre sit heime for seg sjølve.

4.3 Intervju av tilsett ved Frivilligsentralen

Intervjuet av ein tilsett ved Frivilligsentralen gjekk også føre seg over telefon. Gjennom intervjuet kom det tidleg fram at arbeidet deira når det kom til ungdom generelt sett har vore lite tilbodsrikt. Dette kjem av at deira fokusgruppe har vore dei eldre, og ungdommen har difor ikkje vore prioriterte på same måte. Dette var informanten klar på at dei var visse på sjølve, og at det var noko dei ynskja å ta fatt i framover. Det kom likevel fram at dei hadde nokre tenester og aktivitetar for ungdom, i form av til dømes nattevandrarar, utleige av utstyr og arrangement gjennom Verdensdagen for psykisk helse. Nattevandrarane er edru vaksne, ofte foreldre, som frivillig vandrar ute om natta i helgene for å kunne trygge og hjelpe ungdommen. Desse er tilbod dei vil halde fram med, då dei har fått gode tilbakemeldingar på dei frå ungdommane og dei rundt.

4.4 Intervju av planleggar i den valte kommunen

Intervjuet av den kommunalt tilsette samfunnsplanleggaren gjekk føre seg over e-post, då vi ikkje fekk til eit intervju over telefon. Intervjuguiden vart sendt med alle spørsmåla til informanten, og eg fekk tilsendt gode svar tilbake på dei. Det kom fram i intervjuet at kommunen er i gong med eit prosjekt som tek føre seg mykje av det same temaet som oppgåva mi gjer, nettopp det å skape samarbeid mellom kommunen og ungdommane og å lage til møtestadar for ungdommen. Eg fekk tilsendt rapporten ifrå dette prosjektet for at eg skulle kunne sjå nærare inn på korleis dei går fram og kva dei finn ut. Prosjektet tek føre seg noko om det å ha ein meningsfull og aktiv kvardag for ungdom, og i mange av svara på mine spørsmål viser informanten til denne rapporten. Det som elles kjem fram gjennom svara til informanten er at kommunen manglar noko teknisk og sosiokulturell kompetanse når det kjem til det å få ungdommane til å ta i bruk fysiske møtestadar framfor virtuelle. Gjennom rapporten og svara på spørsmåla elles kjem det fram at kommunen har ungdommen i fokus framover.

4.5 Samanfatning av svara på fokusspørsmåla

– gjennom intervju og spørjeundersøking

1. *«Korleis kan kommunen engasjere ungdommen til å bruke meir tid på fysiske møtestadar i staden for over internett?»*

Ungdommen treng nokre frivillige som tek initiativ, som motivera og engasjera til aktivitet og deltaking. Dei treng også eit variabelt tilbod, slik at alle kan føle seg velkomne og kjenne på at dei høyrer til uansett interesser og andre faktorar som kultur, religion, kjønn og liknande.

2. *«Kva gjer Frivilligsentralen for å sikre gode møtestadar for ungdommen?»*

Frivilligsentralen har generelt ikkje hatt denne målgruppa i fokuset, men er i gong med ulike prosjekter no framover for å forsøke å rette opp dette. Akkurat i forhold til møtestadar er det ikkje kome i gong noko endå, men tilbod som til dømes innanfor aktivitet, friluftsliv og frivillig arbeid finnast.

3. *«På kva måte kan kommunen nå ut til ungdommen, og korleis fungerer det per no?»*

Kommunen kan nå ut til ungdommen på mange måtar, til dømes gjennom skulen eller over sosiale mediar og internett for å nemne nokre. Ungdommen syns at kommunen kan verte betre på å forsøke å nå ut til dei, og det verkar til at kommunen også ynskjer og planlegg å sette meir fokus på dette i tida som kjem.

4. *«Korleis føregår samhandlinga mellom kommunar og Frivilligsentralen og dei frivillige organisasjonane?»*

I den valte kommunen samhandlar kommunen og Frivilligsentralen automatisk, og dette er eit godt samarbeid for begge partar. Andre frivillige organisasjonar i denne kommunen tek som regel samarbeidet gjennom Frivilligsentralen sin kanal og vidare der i frå til kommunen.

5. Drøfting

5.1 Møtestadars innverknad på ungdommens helse

Møtestadar spelar utan tvil ei stor rolle for kvardagen til ungdommen i kommunane, då ein ser at psykisk og fysisk helse direkte påverkar av korleis dei trivst på heimstaden sin. Men korleis påverkar det eigentleg helsa? Gjennom sjukelegheitslauken og Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell kan ein sjå korleis livet til den enkelte ungdom påverkar av faktorar rundt. Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell kan blant anna takast i bruk for å få ei oversikt over korleis systema rundt individa påverkar kvarandre og individet sjølv, her i denne oppgåva gjeld det ungdommen. Også sjukelegheitslauken som vert nemnd tidlegare i oppgåva er eit godt utgangspunkt til å danne seg eit heilskapleg bilete av eit menneske si psykiske og fysiske helse og kva som bidreg til å påverke den. Dette med å rette fokuset mot dei enkelte individa si helse er altså veldig viktig for dei som arbeidar med å planlegge i kommunen, då det dei planlegg vil kunne ha positive eller negative innverknader på menneska som skal bruke tenestene.

Aron Antonovsky sitt omgrep «sense of coherence» bidreg til å hjelpe å fremje ei forståing over kva som er viktig for det enkelte individ. Det å kjenne på ei kjensle av meining og samanheng i kvardagen sin er blant noko av det som er sett på som veldig viktig. For ein planleggar kan det tenkjast å bli viktig å ha kjennskap til og ha kunnskapar om kva som bidreg til å skape god helse og kva som på den andre sida kan bidrege til å skape dårleg helse. Her er det naturleg å ta i bruk Antonovskys omgrep «salutogenese» om det som skapar god helse og «patogenese» om det som skapar dårleg helse (Larsen et al., 2018, s. 101). Desse omgrepa kan blant anna takast i bruk i sjølve planlegginga av møtestadar for ungdom, og då gjerne med fokuset om at ein ynskjer møtestadar som fremjar salutogenese for ungdomane. Om ein set seg inn i kva som til dømes fremmer salutogenese framfor patogenese, kan det tenkjast at ein enklare kan planlegge i ei positiv retning. Gjennom å ha kjennskap til desse faktorane kan ein tenke seg at det også kan bli enklare for ein planleggar i kommunen å vise omsyn til dei.

Kommunen eg tek utgangspunkt i har gjennom rapporten ifrå prosjektet dei held på med fokus på nettopp dette med kva som skaper mening. At ei kommune vel å ha fokus på dette for denne målgruppa er bra, då ein ser behovet gjennom tala som kjem fram. I denne rapporten svarar mesteparten av ungdommane møtestadar når det vert spurt om kva dei meina er viktigast for at kommunen skal ver ein god plass å bu.

Men korleis legg ein opp til at møtestadane skal gjere denne nytta og bidrege til god trivsel? Korleis dannar ein møtestadar som ungdommen faktisk vil kome til å velje å ta i bruk, og kva interesser må i så fall treffast? Det kan tenkjast at dette er svært individuelt frå kommune til kommune, då somme kommunar kanskje har meir moglegheita til for eksempel tur og friluftslivfasilitetar, imens andre kommunar har meir fokus på sjø- og båtliv, fordi moglegheitene ligg til rette for det i kommunen. Samstundes bør tilbodet til ungdommane gjennom heile landet vere ganske likt, slik at ein unngår at ungdommane må reise ut av kommunen for å bli møtt med sine interesser i forhold til møtestadar og aktivitetane som blir tilbudd der.

Ungdommen eg intervjuar og dei som deltok i spørjeundersøkinga foreslo blant anna at møtestadane burde variere tilboda sine jamleg, slik at dei hadde større moglegheit til å treffe flest mogleg sine interesser. Møtestadane i kommunen for ungdommane bør ver gratis og inkludere alle uansett, slik at flest mogleg vil kunne ha moglegheit til å ta i bruk møtestadane (Ungdom og fritid, 2019). Korleis møtestadane skal bidrege til god trivsel kan nok kome av ulike bakgrunnar, men det som kanskje synast viktigast tek jo føre seg det at dei skal danne fellesskap og vere ein stad å kjenne at ein høyrer til på for dei unge.

5.2 Dagens tilbod for ungdommane

Gjennom intervjuet av ein ungdom i den valte kommunen for oppgåva mi kjem det fram at ungdom på vidaregåande skule har få eller ingen tilbod med tanke på møtestadar på kveldstid. Ungdommen fortel at tilbodet kommunen tilbyr som ein slags «ungdomsklubb» berre er for elevar på ungdomsskulen. Elevane på vidaregåande skule har difor altså ingen tilrettelagde, trygge, organiserte møtestadar der dei kan «henge» på kveldstid. Dette kan tenkjast å vere problematisk av fleire grunnar. til dømes kan ein konsekvens av dette føre til at nokre av ungdommane på vidaregåande skule kjenner eit auka press til å ty til alkohol eller andre rusmiddel for å kunne få ver ein del av eit fellesskap.

Dette fellesskapet dannast då tenkjeleg ofte med dei som er eldre, og som skapar møtestadar sjølve gjennom til dømes festar der alkohol og andre rusmiddel kan stå fram som ein stor del av fellesskapet. Dette samsvarar med noko av det som kjem fram i debattinnlegget i Bergens Tidende, der Helene Grunert skriv om at dei ungdommane som ikkje kjenner seg trygge og har ein trygg stad å danne sosiale relasjonar på ofte kan ty til slike miljø. Ein annan tenkjeleg konsekvens av at dei eldre ungdommane ikkje har eigne møtestadar på kveldstid kan ver at fleire kjenner på ei einsemd og lite fellesskap. Dei som til dømes ikkje er interesserte i idrett og sport har ofte få eller ingen andre møtestadar å velje i mellom, og kan difor felle utanfor miljøa som skapast på desse møtestadane. Dette kjem også fram gjennom intervjuet med ungdommen, og det blir nemnt at ungdommen opplev at kommunen det gjeld har generelt lite fokus på ungdom sett vekk ifrå det som gjeld idrett og «ungdomsklubben» for ungdomsskuleelevane.

Ungdommen ifrå intervjuet trur at om det hadde fantes noko liknande tilbod som ein ungdomsklubb også for dei over 16 hadde det blitt tatt mykje i bruk, då dette spesielt er noko dei saknar.

Også gjennom intervju med Frivilligsentralen vert det bekrefta at dei sjølv ser at fokuset mot ungdom omtrent ikkje har vore til stades og at dei heller har fokusert på eldre, men at dette er noko dei ynskjer å forsøke å fokusere meir på. Det å endre fokuset ifrå eldre til ungdommen kan tenkjast å kunne verte ei utfordring, ikkje berre fordi målgruppa er annleis og har andre behov, men fordi ungdommen no i dag over heile Noreg har mange av sine sosiale møtestadar over internett.

Det å treffe ungdommen «der dei er», og om mogleg få dei til å sjølve verte engasjerte til å delteke på aktivitetar eller kome til møtestadar fysisk kan tenkjast å ver ei utfordring.

Samstundes er behovet for sosial kontakt tenkjeleg så stort at ungdommen kanskje sjølv vil velje fysisk oppmøte framfor virtuelt. Akkurat dette kan ver vanskeleg å seie klart, då det gjennom intervju og spørjeskjema kjem fram annan informasjon enn det til dømes har kome fram gjennom Ungdata si undersøking av møtestadar. Gjennom intervjuet med Frivilligsentralen vert det også nemnt at dei har unge frivillige ifrå andre europeiske land som kjem reisande for å gjere frivillig arbeid i kommunen. Dette kan tenkjast å vere eit godt tiltak, og erfaringsmessig ut ifrå det informanten fortel i intervjuet har dette vore svært positivt både for ungdommane i kommunen og dei frivillige. Ein kan tenkje seg til at gjennom å få tilreisande frivillige til kommunen for å bidra opp imot ungdommen, kan ein kanskje få fleire

ulike tilbud og kanskje nokre kreative tilbud som ikkje har vore satt i gong før. Generelt er altså dette eit velfungerande og godt tilbud, men dei frivillige som kjem ifrå andre europeiske land opplev til dømes at dei kulturelle skilnadane mellom dei og den norske ungdommen kan verte utfordrande. Dette kjem også fram gjennom intervjuet med Frivilligsentralen. Norsk ungdom kan tenkjast å ver litt vanskelegare å kome inn på enn det andre er vande med då norske ungdommar kanskje held seg meir innandørs og for seg «sjølve» enn det det kan tenkast at ungdommar i andre land gjer. Dette er berre ein tanke, men ei årsak som er desto viktigare er nok det at mykje av liva til dei unge i dag «skjer» over internett. Dette kan nok skape utfordringar for dei frivillige med tanke på å kome i kontakt med ungdommen og få engasjert dei til å bli med på aktivitetane dei tilbyr.

Informanten i frå Frivilligsentralen fortel også om at dei gjennom Verdensdagen for psykisk helse har hatt gode og velfungerande opplegg for ungdommane i kommunen, i tillegg til at dei også året rundt tilbyr utleige av diverse utstyr for å fremje aktivitet og likskap blant barn og unge. Opplegget gjennom Verdensdagen for psykisk helse har dei fått gode tilbakemeldingar gjennom tilreisande foredragshaldere på, så dei opplev at dette er eit godt tilbud til ungdommane som ungdommen set pris på. Gjennom Frivilligsentralen vert det også kvar helg gått «nattevandring» av hovudsakleg ungdomsskuleforeldre. Dette er eit av tilboda som Frivilligsentralen har fått gode tilbakemeldingar frå ungdommen på at fungerer bra og at det er noko dei ynskjer at Frivilligsentralen skal halde fram med.

5.3 Samhandlinga mellom kommunen og Frivilligsentralen

- Korleis nå ut til ungdommen og treffe interessene deira?

I problemstillinga mi stiller eg spørsmål om korleis kommunen kan samhandle med Frivilligsentralen for å skape dei gode møtestadane for ungdommen. Denne samhandlinga skjer nok tenkjeleg på ulike måtar og i ulik grad frå kommune til kommune. Kommunen eg har intervjuar har Frivilligsentralen som ein del av det kommunale teamet. Dette gjer at samhandlinga mellom dei skjer automatisk, noko som er svært heldig i høve arbeidet med til dømes møtestadar. Gjennom intervjuet med Frivilligsentralen vart det nemnt at dei ofte startar opp ulike prosjekter der somme av dei vert tatt over av andre frivillige organisasjonar på sikt, imens andre prosjekt held dei på med sjølve og drifrar dei sjølve. Det at Frivilligsentralen

arbeidar med å få i gong andre frivillige organisasjonar og aktørar er eit veldig godt tiltak, då det gjer at mangfaldet og variasjonen i tilbod kan oppdrivast på sikt også. Det gjer det også enklare for dei som ynskjer å arbeide frivillig ved at Frivilligsentralen blant anna kan hjelpe til med å starte opp, bidra til økonomiske tilskot, tilretteleggje, rådgeve og liknande. For ungdommen sjølve er også frivillig arbeid noko som faktisk kan sjåast på som ein aktuell møtestad der dei kan møte andre og bidrege til eit felles prosjekt. Likevel vil eg velje å fokusere på dei møtestadane som er lagt til rette spesielt for ungdommen og som vil bidra til å hjelpe dei til god trivsel og meining i kvardagane sine.

Frivillige organisasjonar har fått ei større rolle og gir eit vidare tilbod innafor kommunane no enn før. Dette gjer også at dei på lik linje som kommunane sjølve må yte profesjonell service og fokuset på effektivitet spelar også ei rolle for dei no meir enn før (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 209-213). Hovudfokuset for å få til god samhandling mellom kommunane og dei frivillige organisasjonane gjennom Frivilligsentralen bør og må ver at dei hovudsakleg arbeidar mot dei same måla, slik at arbeidet deira fremjar kvarandre sine interesser på ein god måte (Fimreite & Grindheim, 2007, s. 217).

Dei møtestadane som allereie finn stad i kommunen vert nemnt i både intervju med ungdom og med Frivilligsentralen, og begge har positive ord å seie om desse. Likevel er tilbodet svært lite og spissa, noko som gjer at det ikkje er eit tilbod for alle. Her er nok forbettringspotensialet stort både for kommunen og dei frivillige organisasjonane, og dette er noko dei sjølve også seier at dei vil og skal arbeide vidare med. Det kan verke litt tvetydig at både ungdommen, tilsett i kommunen og tilsett ved Frivilligsentralen alle meiner at tilbodet ikkje er slik det burde, men at kommunen likevel scorar så høgt som dei gjer i Ungdata si undersøking. Kva som gjer at svara vert så ulike er vanskeleg å setje fingeren på, men det kan tenkjast at det både i undersøkinga ifrå Ungdata og gjennom informasjonen eg har fått henta inn at nokre av faktaene ikkje er fullstendige. Ettersom observasjonen eg hadde planlagt å gjennomføre ikkje vart mogleg, kan det også tenkjast at eg her gjekk glipp av noko viktig informasjon i forhold til dei faktiske tilboda av møtestadar som fins for ungdommen i kommunen og bruken av desse. Etter planen ynskja eg å observere både offentlege møtestadar som kommunen har sett av som møtestadar for ungdom, i tillegg til nokre av dei uformelle møtestadane som ungdommane sjølve har funne seg. Det er mogleg å tenke at informasjonen eg kunne fått ifrå desse observasjonane kunne fortald noko meir om korleis tilboda faktisk er og i kva grad dei vert tatt i bruk.

Møtestadane for dei unge bør ifølge ungdommen som vart intervjuet blant anna vere sentralt plasserte, slik at det er lett tilgjengeleg for alle. Noko anna som vert nemnd fleire gongar er at møtestadane må ha fleire ulike tilbod på same stad, og at det ikkje berre omfattar nokre ungdommar innanfor ei gruppe interesser. «Den perfekte møtestaden» for ungdommen ville ifølge informantene vere eit lokale som kunne tilby fleire forskjellige aktivitetar som til dømes biljard og andre spel, ha musikk, og ein kiosk der ein kunne kjøpe seg ei brus og liknande. Informantene foreslår også ulike lokalar i området som ville ha eigna seg til slik bruk.

Ungdommen saknar også frivillige som tek initiativ til å arrangere ulike ting, både store og små arrangement som kan ha eit variert tilbod av aktivitetar og samla folk saman. Det å ha nokon som set i gong slike tiltak opplever ungdommen som mangelfullt slik det er i dag. Dette kan igjen ha noko med kulturskilnadane å gjere, og det kan tenkjast at ungdommen opplev tilbodet som meir mangelfullt enn det kanskje er, nettopp på grunn av ulike forståingar ut ifrå kultur ettersom mange av dei frivillige er ifrå andre europeiske land.

Gjennom intervjuet med ungdommen kjem det også fram at ungdommane generelt veit lite om arbeidet til Frivilligsentralen og kommunen, og dei veit lite om kva arbeid som vert gjort. Her er kanskje ein gylden moglegheit for kommunane og Frivilligsentralen til å samarbeide om å opplyse ungdommen om arbeidet deira, men også å engasjere dei til å medverke i planane mot møtestadar og aktivitetar som kan gjelde dei sjølve? På spørsmål om det er noko spesifikt kommunen manglar når det gjeld tilbod for ungdommen svarar ungdommen eg intervjuet at dei manglar nokon som tek initiativ og tek ansvar for å starte og drive noko for ungdommen. Eit godt samarbeid mellom kommunen, Frivilligsentralen og ungdommen sjølve er kanskje eit godt utgangspunkt for å skape dette initiativet dei saknar?

5.4 Teknologisamfunnet – ei utfordring eller ein ressurs?

Ungdommen i dag veks opp med ein teknologi og ein tilgang på sosiale mediar og internett som gjer at mykje av tida deira og dei sosiale relasjonane deira føregår der. Korleis kan kommunen bidrege til å få ungdommen til å bruke ein større del av tida si på fysiske møtestadar framfor virtuelle? På den eine sida bør både kommunen og dei frivillige organisasjonane på banen her, og dei bør begge ha eit visst fokus på å sjølve oppdatere seg og prøve å «møte» ungdommen der dei er – nemleg på sosiale mediar. Kanskje kan det vere ein idé om kommunane og dei frivillige organisasjonane også her samhandlar og set eit felles mål om å forsøke å nå ut til ungdommen i staden for å bruke ulike kanalar kvar for seg? I kva grad

ein bør gjennomføre det på kan nok ver ulikt og variabelt, men det kan tenkjast at det er nødvendig for ungdommen å sjå at kommunen og organisasjonane tek seg «bryet» nok til å forsøke å nå ut til dei og at dei tør å vere kreative i måtar å treffe ungdommen på. På den andre sida er det jo eit generelt fokus i samfunnet i tida no på at ein skal bruke nettopp mindre til på sosiale mediar og internett, ikkje meir. Her kan det bli viktig å kome med kreative idear og tilbod som gjer at ungdommen sine interesser vert treffe, og at fleire enn berre ei gruppe sine interesser er i fokus. Til dømes vil ein fotballkamp eller eit «LAN» berre treffe dei ungdommane som faktisk har desse interessene. Likevel er desse tilboda veldig gode og absolutt noko som bør takast med også i framtida. Kanskje kan det verte utvida slik at også fleire andre aktivitetar kan finne stad på same stad, slik at fleire ungdommar med ulike interesser deltek på same arrangement? Ein må i alle fall tenkje litt breiare enn det som det kan sjå ut som at det er gjort til no, slik at færrast mogleg av ungdommen kjenner på at dei fell utanfor fellesskapen.

Kommunen sjølv vil nok kunne tenkjast å ha store fordelar om dei vel å engasjere seg mot ungdommen gjennom sosiale mediar og internett generelt, då dette er noko som til ei viss grad opptek ungdommen som veks opp i dag nesten uansett. Gjennom kanalane som fins over internett kan dei både nå ut til ungdommen, og dei kan nok i større grad forsøke å finne ut og lære meir om ungdommen og kva som interesserar dei. Kva ungdommen sjølv seier er viktige for dei er noko som ein også i større grad kanskje bør ta til ettertanke i arbeidet rundt å skape gode møtestadar for dei. Kva ynskjer dei sjølve, kva behov har dei som ikkje vert møtt slik møtestadar er no? Slike spørsmål kan nok ver viktige å stille i dette arbeidet, og ut ifrå svara ein får kan ein kanskje skape slike møtestadar som kan treffe flest mogleg. Frivilligsentralen sin informant fortel at dei har litt å gå på i forhold til det å nå ut gjennom sosiale mediar og liknande. Informanten fortel også at det no på grunn av kommunesamanslåinga verkar som at dette kan betrast, då tilsette i kommunen dei er slått saman med verkar til å ha god kompetanse på dette. Også informanten som er tilsett i kommunen informerer om at kompetansen innanfor teknologi og det sosiokulturelle ikkje er fullkoment slik det er i dag. Ved at desse informantane sjølv fortel at dei ikkje fullstendig når fram i forhold til det som føregår over internett og sosiale mediar kan det nok vise at dette er noko dei har erfart, og som dei ynskjer å gjere noko med.

Det at sosiale mediar og internett tek over ein såpass stor del av kvardagen til ungdommen kan mogleg vere til bekymring når det kjem til deira sosiale kapital. Den sosiale kapitalen vert

forma av det å høyre til i ei gruppe eller eit samfunn, og dei ressursane ein ut ifrå dette kan skaffe seg (Larsen et al., 2018, s. 96). Ein ser at den sosiale kontakta som før fans gjennom å fysiske møter i større grad er gått over til å ha sosial kontakt over internett (Villa & Haugen 2016, s.142-143). Gjennom intervju av ein ungdom i kommunen vert det også nemnd at ungdommen sjølv tenkjer at sosiale mediar og internett til ei viss grad har tatt over framfor det å møte andre fysisk. Også Helene Grunert (2020) nemner at kommunikasjon over internett ikkje gjev dei same relasjonelle gevinstane som fysiske møter vil kunne gje.

Samtidig kan ein ut ifrå Coleman, Putnam og Bourdieu sine definisjonar tolke det som at sosial kapital i hovudsak er dei sosiale relasjonane som påverkar verdiane og normene for individa og at det er eit gjensidigheits-forhold mellom individa (Backe-Hansen & Hydle, 2010, s. 107). Dette vil i så fall sei at ut ifrå desse definisjonane kan ein også danne sosiale relasjonar og skaffe seg ein sosial kapital uavhengig av om det er over internett eller «i den ekte verda», i alle fall kan ein ikkje utelukke det. Eit viktig perspektiv å få fram er at det også kan tenkjast at for somme er den sosiale kontakta dei kan skaffe seg gjennom sosiale mediar og internett den einaste sosiale kontakta dei har, og at det for somme faktisk oppstår tryggare og betre relasjonar der enn utanfor den virtuelle verda.

6. Konklusjon

Ut ifrå den informasjonen som kjem fram både gjennom kommunen sjølv, Frivilligsentralen og ungdommane sjølve kan det tyde på at potensialet for forbetring når det kjem til møtestadar for ungdom er stort i denne kommunen, og dette til tross for at kommunen score høgt på møtestadar for unge gjennom Ungdata si undersøking. Dette kan tyde på at noko informasjon ikkje er fullkomen i anten undersøkinga gjennom Ungdata eller gjennom mine intervju og spørjeundersøkingar. Likevel kan det nok vise at dei møtestadane som fins er svært gode tilbod, men at det på ein generell basis er eit mangelfullt tal på møtestadar og tilbod i kommunen for ungdom. Mange av tilboda som fins per i dag er gode for dei som dei treff interessene til. Ein moglegheit kan vere å fokusere på eit generelt tilbod som når ut til fleire av ungdomane og som i større grad inviterer til eit fellesskap.

Samhandlinga mellom kommunen og Frivilligsentralen gir intrykk av at det fungerer godt, og at dei i arbeidet framover med tanke på kommunesamanslåinga som nettopp har tredd i kraft i år kjem til å halde fokus på å arbeide godt saman mot dei same måla. Både kommunen og Frivilligsentralen oppnår godar av denne samhandlinga seg i mellom, då dei begge innehar ressursar som den andre delen kan nytte seg av og ta lærdom ifrå. Ut ifrå arbeidet dei saman har gjort i kommunen til no verkar det til at dei er flinke til å ta i bruk kvarandre sine kunnskapar og å bruke kvarandre til å drøfte ulike saker med.

I deira felles arbeid med å nå ut til ungdommen og i kva grad dei skal gjere det, tolkar eg det som at både kommunen og Frivilligsentralen har eit forbettringspotensiale. Dette viser seg gjennom både det dei fortel sjølve og gjennom kva ungdommen fortel. Kommunen og Frivilligsentralen nemnar at dei er fullt klar over forbettringspotensialet, noko som gjer at ein kan tenkje seg til at tilliten mellom dei og ungdommane likevel er god.

I tida framover kan det vere fruktbart at ungdommane tar initiativ til å påverke og medverke til dei møtestadane dei sjølve ynskjer å ha. Kommunen og Frivilligsentralen arbeider for å nå ut til ungdommen og gjer rom for at dei sjølve får ta del i prosessen. Dette felles samarbeidet trur eg kan bidra til at det i framtida vil verte lettare for ungdommen å sei ifrå når dei ikkje er nøgde med ting, samt at dei også på sikt kanskje vil sleppe å kjenne seg einsame eller utelatne frå aktivitetar.

7. Litteraturliste

Barne- og familiedepartementet. (2003). *FNs konvensjon om barnets rettigheter*.

Henta frå:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf%C2%A0

Backe-Hansen, Elisabeth. & Hydle, Ida. (2010). *Sosial kapital og andre kapitaler hos barn og unge i Norge*.

Henta frå : http://ungdata.no/asset/4609/1/4609_1.pdf

Backe-Hansen, Elisabeth. (2009). *Barn*.

Henta frå: <https://www.etikkom.no/fbib/temaer/forskning-pa-bestemte-grupper/barn/>

Bronfenbrenner, Urie. (2005). *Making Human Beings human: Bioecological perspectives on human development*.

London og New delhi: Sage Publications.

Dalland, Olav. (2019). *Metode og oppgaveskriving*. 6.utg.

Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Fangen, Katrine. (2015). *Kvalitativ metode*.

Henta frå : https://www.etikkom.no/FBIB/Introduksjon/Metoder-og-tilnarminger/Kvalitativ-metode/?_t_id=1B2M2Y8AsgTpgAmY7PhCfg%3d%3d&_t_q=kvalitativ+metode&_t_tags=language%3ano%2csiteid%3aa8caa3c9-2223-4137-b8d2-d8cbdc26b909&_t_ip=213.128.164.69&_t_hit.id=Etikkom_Core_Models_PageTypes_FBIBa rticlePage/0f2f01bd-b554-4dae-b109-c2fc29014a45_no&_t_hit.pos=1

Fimreite, Anne Lise. & Grindheim, Jan Erik. (2007). *Offentlig forvaltning*. 2.utg.

Oslo: Universitetsforlaget

Grunert, Helene. (2020). *Vi har ingen plass å tøyse, le og førte!*

Henta frå : <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/BREm9G/vi-har-ingen-plass-aa-toeyse-le-og-floerte>

Jacobsen, Dag Ingvar. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? : Innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. 3.utg.

Kristiansand: Høyskoleforlaget

Kommunen internrapport. *Eit meningsfullt og aktivt liv i kommunen*.

Larsen, Øivind. Ridderström, Gunnar. & Nylenna, Magne. (2018). *Planlegging for helse og trivsel*.

Bergen: Fagbokforlaget

Miljøverndepartementet. (2012). *Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven*.

Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/bccd028e3b494d2fa8c6840851f2f2f2/t-1513.pdf>

Martinussen, Willy. (2008). *Samfunnsliv Innføring i sosiologiske tenkemåter*. 2.utg.

Oslo: Universitetsforlaget

NSD Personverntjenester. (2018). *Barnehage og skole*.

Henta frå: https://nsd.no/personvernombud/hjelp/forskningstema/barnehage_skole.html

Plan- og bygningsloven. (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling.

Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Redd Barna Region Vest. (2019) *Et bra sted å vokse opp*.

Henta frå: <https://www.smp.no/meninger/2019/12/16/Et-bra-sted-%C3%A5-vokse-opp-20623456.ece?fbclid=IwAR1N1SntsVLgwOoBw4IKgn4SmGA4jg5PZjPR9nhbsb6ojV430VBfPblsH1k>

Regjeringen. (2016). *Barnas framtid*.

Nasjonal strategi for barn og unges miljø og helse 2007-2016.

Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/dokumenter-fha/barnas-framtid.pdf?fbclid=IwAR3ck-3pkI9E36COaT2si3PqAeMd-CY3xs8aakNhv61-YrDfx8eVfWvj8nI>

Regjeringen. (2019). *Barn og unges interesser i planlegging og byggesaksbehandling*.

Hentet frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/fagtema-i-planlegging1/barn-og-unges-interesser-i-planleggingen/id418042/>

Utforsk sinnet. (2019) *Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell*.

Henta frå: <https://utforsksinnet.no/bronfenbrenners-utviklingsokologiske-modell/?fbclid=IwAR2Yuf76XW2P-bxqrLMMJKtnP5I7L2Z8BYGww6yPdy7Vn7OufDeiAmN5R8w>

Ungdata. (2018). *Psykiske helseplager*.

Henta frå: <http://www.ungdata.no/Helse-og-trivsel/Psykiske-helseplager#displayDescription>

Ungdata. (2017). *Treffsteder for unge*.

Henta frå: <http://www.ungdata.no/Lokalmiljoe/Treffsteder-for-unge>

Ungdom og fritid. (2019). *Politisk program*

Henta frå: <https://www.ungdomogfritid.no/ungdom-og-fritid/politiske-plattform/>

Villa, Mariann & Haugen, Marit S. (2016). *Lokalsamfunn*. 1.utg.

Oslo: Cappelen Damm Akademisk

7.1 Figurar

Figur 1:

Larsen, Øivind. Ridderström, Gunnar & Nylenna, Magne. (2018). *Planlegging for helse og trivsel*.

Bergen: Fagbokforlaget

Figur 2:

Bronfenbrenner, Urie. (2005). *Making Human Beings human: Bioecological perspectives on human development*.

London og New delhi: Sage Publications.

8. Vedlegg

8.1 Vedlegg 1: Spørjeskjema – Møtestadar for ungdom

Forord: Dette er ei spørjeundersøking som vil takast i bruk til ei bacheloroppgåve som tek føre seg om møtestadar for ungdom.

Bruker du møtestadar i kommunen din?

- a) Ja
- b) Nei

Viss ja: Kva type møtestadar tek du i bruk, og kvifor akkurat desse?

Svar:

Fins det nok møtestadar for ungdom i kommunen du bur i?

- a) Ja
- b) Nei

Viss nei: Kva type møtestadar manglar?

Svar:

Er kommunen du bur i gode nok på å nå ut til ungdommen?

- a) Ja
- b) Nei

Viss nei: Kva tiltak syns du kommunen burde/kunne gjort for å betre nå ut til ungdommen?

Trur du bruk av internett og sosiale medium har noko å seie for bruken av fysiske møtestadar?

- a) Ja
- b) Nei

Viss ja: På kva måte?

8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide - Frivilligsentralen

- 1) Kva er oppgåvene dykkar på frivilligsentralen?
- 2) Kva gjer frivilligsentralen i arbeidet sitt for ungdom?
- 3) På kva måte arbeidar dykk for å nå ut til ungdommen?
- 4) Kva respons opplever dykk å få frå ungdommen gjennom arbeidet dykkar?
- 5) Kva vanskar eller utfordringar møter dykk i arbeidet med ungdommen?
- 6) Sosiale mediar, nettsamfunn og digitalisering har mykje å sei for ein stor del av ungdommen. På kva måte arbeidar dykk for å ivareta desse interessene?
- 7) Kommunen nemner uformelle møtestadar som eit problem. Kva tenkjer de at ligg i denne påstanden?
- 8) Korleis tenkjer de at ein kan arbeide for å skape trygge møtestadar for ungdom?
- 9) Kva tenkjer de i frivilligsentralen når det kjem til å ivareta møtestadar for å skape god helse og trivsel blant ungdommen?

8.3 Vedlegg 3: Intervjuguide – Samfunnsplanleggar

- 1) Kva arbeid gjer kommunen for ungdommen som er busett der?
- 2) Gjennom ei undersøking i 2017 kom det fram av denne kommunen var blant dei beste i landet når det gjaldt tilbod rundt møtestadar for ungdom. Kva tenkjer de om dette, og kva gjer de for å ivareteke dette?
- 3) Kva respons opplever dykk å få ifrå ungdommen når det gjeld møtestadar i kommunen?
- 4) Korleis opplever dykk tilbodet av møtestadar for ungdom i kommunen? Er det noko de skulle ynskje at de gjorde betre eller på ein annan måte?
- 5) Digitalisering og nettsamfunn er ein stor del av kvardagen til ungdommen. Kor ligg kommunen i forhold til denne teknologien, og korleis arbeider de for å nå ut til ungdommen?
- 6) Nettsamfunna kan på mange måtar sjåast på som nye møtestadar for ungdom. Kva hinder kan dette medføre for kommunen?
- 7) Dei unge har mange ulike interesser og behov. På kva måte arbeider kommunen for å ivareteke desse behova og å møte dei ulike interessene? Korleis tilpassar dykk ein felles møtestad for desse?
- 8) Har kommunen nokre framtidige planar i forhold til å auke trivsel blant ungdom eller i forhold til møtestadar for ungdom?